

Arkiv: FE-146
JournalpostID: 20/5125
Saksbehandlar: Line Merete Valle
Dato: 29.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
005/20	Alver formannskap	06.02.2020
	Alver kommunestyre	

Retningslinjer for styring av investeringsprosjekt

Vedlegg i saken:

29.01.2020 Retningslinjer for styring av investeringsprosjekt_v 1.0 1345490

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver formannskap 06.02.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg var samrøystes vedteke.

FO- 005/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner mellombelse retningslinjer for styring av investeringsprosjekt i Alver slik dei ligg føre i saka. Retningslinene skal gjelde fram til endeleg utgåve ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Det er behov for eit felles styringsreglement for investeringsprosjekt i Alver. Retningslinene i reglementet skal sikre klare roller og ansvar i investeringsprosjekta, sikre gode prosessar knytt til budsjettering og avgjerdsgrunnlag og sikre god rapportering undervegs. Ved å einast om ein felles arbeidsmetodikk og struktur for både administrativ og politisk styring vil dette også hjelpe oss med tanke på avviksrapportering og handsaming av dette. Investeringsprosjekta vil ha like krav til kvalitet i gjennomføringa og sikre

nok ressursar til prosjektadministrasjon.

Saksopplysninger:

Dei tre Alver-kommunane har hatt ulike styringsstrukturar for investeringsprosjekt. Arbeidet med å få på plass eit felles styringsreglement vart starta på seinhausten 2019. Organiseringa av prosjektsektoren for Alver var på det tidspunktet ikkje ferdig. Det vart utarbeidd ein projektrapport som tok for seg korleis prosjektsektoren i Alver kunne sjå ut og kva ansvar som skulle liggje til sektoren. Arbeidet med å utarbeide eit felles styringsreglement vart vedtatt prioritert først etter 1.1.2020. Dette arbeidet startar våren 2020. Medan ein arbeider med å utforme eit reglement som skal gjelde for Alver kommune, vil ein ta utgangspunkt i reglementet som tidlegare Lindås kommune har arbeidd etter.

Alver kommune er organisert på ein annan måte enn dei tidlegare kommunane. Eit felles styringsreglement må vere tilpassa den nye organisasjonen både administrativt og politisk. Reglementet må også i større grad omtale både byggeprosjekt og kommunaltekniske prosjekt. For å kunne lage eit reglement som sikrar god arbeidsflyt, føreseielege prosessar og god rapportering må sektoren kartlegge behovet for ulike styringsmodellar, brukarmedverknad og rapportering. Dette arbeidet vil resultere i eit nytt reglement som kjem til politisk handsaming første halvår 2020.

I mellomtida er det utarbeidd eit forenkla reglement som kan gjelde fram til ny sak kjem slik at ein sikrar ei sams politisk og administrativ styring av investeringsprosjekta i Alver.